

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 Lindås

Våge, 11.12.2022

Alver kommune, Plan og byggesak  
v/sakshandsamar Larissa Dahl

Kopi: Statsforvaltaren i Vestland

SAKNR. 683/22 – SAKNR. 1210/22

**Oppdaterte bilete frå i dag viser påbegynt grunnarbeid, trass vedtatt tilbakeføringskrav.  
Konkrete spørsmål til sakshandsamar om forholda, vi ber om skriftleg tilbakemelding.**

Oppdaterte bilete frå i dag, 11.12., viser at grunnarbeid er påbegynt. Uskyting og utgraving har pågått i ca 1 mnd. No pågår komprimering av bunnen i det som ser ut som kjellarar, både hus og garasje.

Konkret spørsmål til sakshandsamar: **Har 99/4 no fått oppstartsløyve til dette? Vi ber om svar.**  
Då Tilsynsavd. v/Berntsen var på synfaring i oktober, var hans løfte til underteikna at dersom vi oppdaga at 99/4 starta bygging skulle vi ta kontakt med kommunen, så ville kommunen stanse arbeidet inntil vedtatt tilbakeføring hadde funne stad.

Som bileta viser, vert det grave ca 3 meter djupt, dette tyder på kjellar under både hus og «garasje». Ingen ting av dette er søkt om, heller ikkje søkt om innkjøring frå nord-sida, som det no kan sjå ut. Dersom det vert gjort slike vesentlege endringar i forhold til godkjent byggesøknad, meiner vi føresetnadene for godkjenning av byggesøknadene fell bort, og at søknaden er godkjent på feil grunnlag. Som i alle andre tiltak på 99/4 kan det sjå ut som her vert søkt om **ein** ting, **kun** for å oppnå godkjenning, og så vert det gjort noko **heilt anna**.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

Vedlegg: Situasjonsbilete frå idag, desse viser arbeid utført i «byggegrop»